

Referat møte i KFU 29.10.15

Saksnr	Saker	Oppfølging
5/2015/16	<p>Heim – skule-samarbeid – oppfølging frå sist møte. Punkt 7 og 8 i vedtaket frå Hovudutvalet 20.8.15 var slik: 7. Kwart FAU blir oppmoda til å drøfta korleis ein kan knyta kontakt for å læra av andre FAU, t.d. innan anti - mobbearbeid. 8. Kwart samarbeidsutval/driftstyre gjennomfører hausten 2015 ei eigavurdering av korleis samarbeidet heim - skule fungerer og finn saman fram til område som kan betrast.</p> <p>Innspel til punkt 7:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Invitera andre FAU til erfaringsutveksling. Felles møte for like skular og bhg. Jærskulen – like skular. Det er viktig å ha drøfta sakene i eige FAU fyrst. • Erfaringsutveksling fast på KFU møta. Delt barnehage og skule • Samarbeid, spesielt om mobbing <ul style="list-style-type: none"> - Felles retningslinjer. Desse ligg på heimesidene til skulane og barnehagane. Utfordring å få denne informasjonen ut til alle foreldre. Kva rolle kan FAU spele her? - Overgangen til ungdomsskulen. Viktig med eit godt samarbeid med FAU i dei skulane som leverer ungdom til den enkelte U skule. Eit liknande samarbeid kan vera aktuelt mellom FAU i barnehage og skule. - Førebygging av mobbing er viktig. Her har foreldre ei sentral rolle. Eit tema til vidare drøfting kan vera korleis dette skal skjje. Stikkord: Korleis få med alle foreldre. Retningslinjer for mobilbruk i skulen. Utanom skuletida. <p>Innspel til punkt 8:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Klepp U vil ta ein runde med klassekontaktane for å kartlegga dette. • Orre skule vil lage eit spørjeskjema for å kartlegga heim-skule-samarbeidet. • Utfordringa er her og å få alle foreldre engasjerte. Klepp U kalla inn til foreldremøte med provoserande tittel, dette hjelpte. • Kommunikasjonsflyt er og ei utfordring. • Samarbeid mellom den enkelte lærar og heimen er viktig. <p>Saka blir teke opp att på neste møte slik at alle får drøfta dette internt i sine FAU.</p> <p>Til punkt 6. Opplæring. Kva er behovet. Kom kurset som var i september for tidleg, eller er vala for seint. Alle blir oppfordra til gjera vala før ferien.</p> <p>Neste møte blir SU el driftstyre tema. Kommunalsjefen sender ut info, det er og mogleg å invitera nokon frå etatskontoret til å vera med på eit FAU møte for å orientera.</p>	<p>TRP</p> <p>TRP</p> <p>Alle FAU</p> <p>TRP</p>
6/2015/16	<p>For barnehagedelen: Kvalitetsplan for barnehagane. Det blir brukt kvalitetskrysset for å få innspel frå foreldre på</p> <ul style="list-style-type: none"> - rammer (bemanning, fysiske forhold) - prosessar (leik, læring, omsorg, fagområde) - planar (årsplanar, månadsplanar....) - involvering (foreldremedverknad, informasjon) - inntak (fleirkulturelle Klepp, opptaksordningar etc) <p>Bra engasjement. Innspela som kom inn vil bli brukt saman med innspel frå styrargruppa, Hovudutvalet, barna m.m. til å utforma den endelege planen. Denne vil bli handsama i Hovudutvalet til våren, og før endeleg vedtak vil den bli sendt ut på høyring i SU/Driftsstyre. Har det enkelte FAU innspel, send desse direkte til ase.kyllingstad.hatteland@klepp.kommune.no el. Sigurd.aukland@klepp.kommune.no. Dersom det treng arka med kvalitetskrysset, berre ta kontakt så skal de få dei.</p>	
	For skuledelen:	

7/2015/16	<p>Lekser og foreldreopplæring Punkt 2 i vedtaket frå Hovudutvalet 20.8.15 var slik: 2. Kvar skule skal tilby foreldrekurs i oppfølging av lekser og læring. Til møtet ønskjer me innspel på: - Kva bør vera føremålet og innhaldet? - Korleis kan det vera aktuelt å legga dette opp? - Kanskje også ein runde på: Kva er lekser?</p> <p>Det var først ein debatt om kva lekser er og at dette først og fremst er øving. Det ligg mykje god hjelp for foreldre på You Tube. På kurset trengs det hjelp og rettleiing til foreldra i koss takla eleven for å unngå konflikhtar som mange gonger oppstår mellom foreldre og elevar. Kanskje må kurset leggast opp spesielt i forhold til innvandrarar. Ikkje ha einvegsinformasjon – lag grupper med drøfting og erfaringsutveksling. Elles var det fleire tilbakemeldingar om at enkelte lærarar gav lekser som var lite i samsvar med føremålet om øving, og at elevar sat i timevis med lekser.</p>	Sigurd
8/2015/16	<p>Eventuelt på skuledelen: Kommunalsjefen orienterte om at Klepp har vore på skular i Time for å sjå korleis bruk av nettbrett fungerer i undervisninga. Dette vil også bli vurdert i Klepp dei komande månadene.</p> <p>Eventuelt på fellesdelen: Kommunalsjefen orienterte om hovudsakene i framlegg til Handlings- og økonomiplan 2016-19 og korleis denne blir behandla. Sjå heimesida til Klepp kommune.</p>	
Neste møte:		12.1.2016

Referat: Åse Kyllingstad Hatteland og Trond Roy Pedersen